

## Referat frå møte i **Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU)** ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Torsdag 10.12.20          SMU kl. 18-19          SU kl. 19-20</b>	Stad:	Digitalt møte på Teams
------------	--	-------	------------------------

### **Desse var kalla inn:**

Birte Berge Antvedt	Foreldrerådet, leiar FAU
Christine Brogstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod)
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet (deltok på SU-møte)
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Silas D. Haugstvedt	Elevrådet (meldt avbod)
Emilia A. Eide	Elevrådet (meldt avbod)
Helene L. Tellnes	Elevrådet, vara (deltok på SMU-møte)
Johannes Mikkelsen	Elevrådet, vara (deltok på SMU-møte)
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	Møte i skulemiljøutvalet (SMU)
5-20/21	<p><b>Informasjon og status frå elevrådet:</b></p> <p>Elevrådsleiar og representantane frå elevrådet fortel om arbeidet til elevrådet. Elevane i elevrådet er ansvarsfulle og tek oppgåvene sine på alvor. Dei har gjennom hausten løfta inn viktige og realistiske forslag til oppgåver som vi kan samarbeide om. Dei har gjennomført Olweus-møte, og jobba med kva som er eit godt klassemiljø, og kva aktivitetar som kan bidra til å styrka klassemiljøet. Av ønskjer om utbetringar har dei blant anna løfta inn ny oppmerking av golv i gymsal, oppmerking av basket- og kanonballsone på asfalt, plantekassar i skulegarden, grus rundt leikehytte i skogen og reparasjon av lavvo i skogen. Noko er allereie utbетra, og vi har laga plan for å følgje opp fleire av ønskja. Elevrådet har også kome med ulike ønskjer om innkjøp av utstyr til bruk i friminutta.</p>

6-20/21	<p><b>Vedtak om leksehjelp for 5.-7. trinn frå skuleåret 2021/2022</b></p> <p>Elevrådet har spelt inn ønske om leksehjelp for mellomtrinnet. Denne saka har vore drøfta tidlegare, utan at vi fatta vedtak om endring. Vi har pr. i dag leksehjelp for 2.-4. trinn. I møte 05.11.20 vart vi einige om at FAU-leiar orienterer og får evt. innspel på neste FAU-møte. FAU hadde ingen direkte innspel eller kommentarar til forslaget. Rektor har drøfta i plangruppa, samt teke kontakt med andre skular som har erfaring med leksehjelp for mellomtrinnet. Plangruppa støttar forslaget om at 5.-7. trinn får tilbod om leksehjelp frå neste skuleår av. Brattholmen skule er ein av skulane som har god erfaring med at det er dei eldste elevane som mottek tilbod om leksehjelp. Dei har påmelding, men tilboden er frivillig for elevane. Det er viktig at dei er motiverte for å delta, slik at dei får godt utbytte av tilboden.</p> <p>Vedtak: vi ønskjer å gi 5.-7. trinn tilbod om leksehjelp skuleåret 2021/2022. Dette blir ei prøveordning. Evaluering våren 2022 vil avgjere om vi held fram med tilbod for 5.-7. trinn, eller går tilbake til gammal ordning.</p>
7-20/21	<p><b>Innkjøp av utstyr til bruk i friminutta:</b></p> <p>FAU har vedteke at dei vil gi 8000,- til elevrådet. Dei ønskjer å bidra til elevane sitt skulemiljø, og vil at pengane skal gå til innkjøp av utstyr til bruk i friminutta. Elevrådet er glad for å motta desse pengane. På neste elevrådsmøte vil dei avgjere kva dei skal kjøpe inn.</p>
8-20/21	<p><b>Skulen seier opp avtale med Trivselleiarprogrammet skuleåret 2021/2022:</b></p> <p>Det er viktig med varierte og positive aktivitetar i friminutta. Dette fremjar positivt samspel og leik, og er førebyggande med tanke på mobbing. TL-leiarane gjer ein flott innsats for å drive ulike leikar og aktivitetar i friminutta. Dette tilboden skal vi oppretthalde, men ved å bygge opp vårt eige opplegg. Vi kjem også på vegen vidare til å prioritera at ein voksen på skulen er koordinator for å leggje til rette for aktivitetar i friminutta. Vi vil sjølve stå for kursing av elevar som skal ha særskilt ansvar i friminutta.</p> <p>Kvifor seier vi opp TL-avtalen? Vi seier opp avtalen fordi vi er trygge på at vi har kompetanse på huset til å bygge eit godt tilbod for elevane våre. I staden for å betale 22000,- i programavgift, kan desse pengane gå direkte til elevane våre og innkjøp av utstyr til bruk i friminutta. Avtalen må seiast opp no, 6 månadar før utløp, elles blir vi låst til avtale for 3 nye år.</p> <p>Det er stor semje i SMU for at dette er det rette å gjere. Elevrådet blir utfordra til å finna eit passande namn på vårt eige konsept.</p>
9-20/21	<p><b>Desember og juleførebuing på gult nivå:</b></p> <p>Sjølv om dei tradisjonelle juleaktivitetane i år går klassevis eller trinnvis, er det god førjulsstemning på huset. Julelysa er tent i skogen, adventsgudsteneste blir gjennomført digitalt i gymsalen, klassane har juleverkstad og annan førjulsaktivitet på klasserommet. Vi må framleis</p>

	<p>halde på dei smitteverntiltaka som gjeld for gult nivå, men dette er godt innarbeidd og fungerer fint.</p> <p>FAU har vedteke å gi skulen 5000,- til juleavslutning/førjulsaktivitetar til elevane. Vi takkar for bidraget som vil kome elevane våre til gode.</p>
	<b>Møte i samarbeidsutvalet (SU)</b>
10-20/21	<p><b>Saker frå FAU:</b></p> <p><b>Orientering om manglar etter utbetring av vegen i Landrodalen</b>  FAU-leiar har på vegne av FAU sendt e-post til einingsleiar samferdsle for å påpeike feil og manglar som bør rettast opp etter utbetring av vegen. Eit stykke av vegen manglar støypekant, noko som kan medføre fare for utforkøyring ved glatt vegbane. Nokre parti er det asfalterrert heilt inntil berget, og her er det ikkje grøftekant. Vatnet renn då rett ut i vegbana og frys til is på vinterdagar. Andre parti av vegen har svært breie grøftekantar, og her er vegen framleis smal.</p> <p>FAU-leiar har ikkje fått tilbakemelding på e-post sendt 25.11.20, så ho vil ta kontakt på ny.</p> <p><b>Parkering i bussløyfa</b>  Det er framleis ein del som brukar bussløyfa til parkering sjølv om alle har fått SMS om dette. Det er viktig at all parkering blir på parkeringsplassen vår, elles blir det uoversiktleg og unødig med kø og bilar i bussløyfa. Skulen kjem til å gi direkte beskjed til føresette som parkerar i bussløyfa.</p>
11-20/21	<p><b>Budsjettforslag - ressursar og krinsgrenser:</b>  Forslag om kutt i budsjett til skule og justering av krinsgrenser har skapt reaksjonar og engasjement i kommunen den siste tida.</p> <p>I referat frå politisk møte står følgjande: «kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak som vurderer justering av krinsgrensene i lys av skulestrukturen i nordre del av den nye kommunen. Prosessen må følge forvaltningslova sine krav til høyringsrunde før vedtak. Øyene Misje og Turøy har kort avstand til Toftøy skule. Toftøy skule har ledig kapasitet. Ågotnes og Landro er eit område med høg folkevekst».</p> <p>Foreldregruppa på Misje har engasjert seg i denne saka. Dei har blitt intervjua av Vestnytt, samt skrive eit lesarinnlegg der dei får fram sine synspunkt på denne saka. Rektor og deltakarane i SU forstår godt frustrasjonen rundt dette forslaget. Etter ein lang prosess med nedlegging av Misje skule, og overføring og etablering på ny skule, er det svært uheldig at ein vil vurdere justering av krinsgrenser som berører elevane på Misje og Turøy. Vi drøfta saka, og har vanskeleg for å tru at det kan bli endringar i denne omgang. Endring av krinsgrenser må sjåast i eit heilskafeleg perspektiv, med skulebruksplan og konsekvensutgreiing. FAU og SU vil følgje saka vidare.</p> <p>Det har kome forslag om nedskjeringar i budsjettet til skule og oppvekst, og det har den siste tida vore skrive mange innlegg i</p>

	<p>lokalavisa om temaet. Det er mellom anna forslag om nedskjeringar til spesialundervisning og assistent/fagarbeidar. Det er viktig at kvar skule har ein grunnressurs som gjer at ein kan drive forsvarleg, samt skjøtte lovpålagte oppgåver. Store nedskjeringar vil medføre bekymring rundt det å kunne dekkje dei behova elevane våre har for tilpassa opplæring. Alternative undervisningsopplegg av private aktørar får mykje merksemd i debatten rundt nedskjeringar. Det er viktige tiltak, men endå viktigare er skulen sin grunnressurs. Det er grunnressursen som avgjer kva tilbod vi kan byggje rundt tidleg innsats, spesialundervisning og tilpassa opplæring for våre elevar. Landro skule har relativt mange elevar som treng individuelt tilrettelagte tilbod for å oppleve gode skuledagar. For å oppretthalde eit godt tilbod for desse elevane, er vi avhengig av tilstrekkelege ressursar både til spesialundervisning og støtte i form av assistent/fagarbeidar. I eit samfunnsøkonomisk perspektiv er vi einige om at det er mykje betre å satse på tidleg innsats og førebyggjing, enn å måtte reparere på eit seinare tidspunkt!</p>
12-20/21	<p><b>Samarbeid og samhandling i nærområdet.</b></p> <p>I førre møte stilte FAU spørsmål om korleis det er med samarbeid med andre skular sine FAU, samt samhandling om ulike problemstillingar for barn og unge i nærmiljøet? Vi var einige om at vi skulle kome tilbake til denne saka i dette møtet.</p> <p>Vi er einige om at det hadde vore spennande å få til meir tverrfagleg samarbeid i nærområdet. Det er då naturleg å tenkje vårt inntaksområde og Ågotnesområdet. Det kan vera mykje å vinna på tidleg innsats i form av samarbeid med t.d. fritidsklubb på Ågotnes og FAU Ågotnes. MOT og Natteravnane blir også nemnt. Tradisjonelt sett har det vore meir tverrfagleg samarbeid knytt til ungdomsskulane, t.d. med politi, næringsliv og SLT (Samordning av Lokale rus og kriminalitetsførebyggjande Tiltak). Vi tenkjer det kan vera fornuftig å starta dette samarbeidet i tidlegare fase. Elevane frå ulike skular som skal byrje på Tranevågen kan bli kjent med kvarandre i god tid før dei byrjar på ungdomsskulen.</p> <p>Til neste møte tek FAU-leiar kontakt med FAU ved Ågotnes skule. I tillegg blir det sjekka ut kva tilbod FRI-huset/fritidsklubben har for elevar på mellomtrinnet. Rektor tek kontakt med SLT-kontakt i kommunen.</p> <p>KFU (kommunalt foreldreutval) kan også vere ein riktig arena å drøfte desse problemstillingane. Det er planar for å starte opp att KFU, og då vil Landro skule ha representant med frå FAU.</p> <p><b>Neste møte i SU: 28.01.21 kl. 18-20</b></p> <p><i>Referent: Anita Vabø Rektor</i></p>